



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 19.04.2016 kl. 19:00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Leif Arne Fureli, Anne Lise Ljotebø, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Borgny Birkeland Sturla Bell Fossen og Runar Matsui-Li.

**Meldt forfall:** Irene Aase Aarseth og Stine Irene Røyseth.

**Fråverande:** Lisbeth Haugsbø og Jarle Berge.

#### Kopi av møteboka går til:

Prosten, Ordføraren, Rådmannen, Eldrerådet, Kyrkjelydspedagogen

#### Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknadar.

#### Meldingssaker

##### 000012 Soknepresten har ordet

Sokneprest Runar refererte frå kyrkjemøtet. Særleg to saker vekte debatt:

- 1) Arbeidsgjevarlinja for dei kyrkjeleg tilsette. Dette vert arbeidd vidare med.
- 2) Vigselliturgi som opnar for vigsle av likekjønna par.

##### 000013 Trusopplæringsmedarbeider

Soknerådsleiaren arbeider vidare med saka.

##### 000014 Kyrkjegardsslått 2016-2018

Oppdraget med kyrkjegardsslått 2016-2018 er tildelt Anleggsgartner Baarøy. Teke til vitande.

##### 000015 Fasteaksjonen 2016

I Kyrkjebø vart det samla inn kr. 7195,- og i Vadheim kr. 3915,-. Teke til vitande.

##### 000016 Ymse

- 1) Ofring og gåver, kan dei gjevast ved bruk av kort istadenfor som kontantar ?

Spørsmål er aktualisert sidan bøsseberarar vert møtte med at folk ikkje har kontantar lenger. Erlend A H Haugsbø undersøker aktuelle tekniske løysingar til bruk i soknet.

**Vedtak:** Saka er av allmenn interesse, og bør administrativt handterast og bringast opp i prostiet.

- 2) Lys på gravplassen i Vadheim.

**Vedtak:** Soknerådsleiaren skriv eit brev om dette til Kyrkjeleg Fellesråd.

**Vedtaksaker:****Sak 010/16 OPPSETTING AV GJERDE PÅ KYRKJEBØ GRAVPLASS (Dok: 08/00005-008)****Vedtak:**

Kyrkjebø sokneråd utset å fjerne hekken i denne omgang.

Soknerådet ber Kyrkjeverje avklare tryggleik og ansvarstilhøve ved alternativet gjerde opp i mot alternativet hekkplanting. I dette ligg også spørsmålet om teknisk utforming av evt. gjerde.

Soknerådet søkjer Høyanger kyrkjelege fellesråd om midlar til å setje opp forskriftsmessig sikring, eller evt. midlar til planting langs heile muren mot vegen.

Målet må vere å ha dette klart til kyrkjejubileet i 2019.

**Sak 011/16 DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN 2016 (Dok: 11/00009-006)**

Soknerådsleiaren har laga plakatar til oppslag i Vadheim og på Kyrkjebø.

Soknerådet reknar med at det held med slik annonsering.

Dei ansvarlege på kvar stad tek med mat og kaffi. Soknerådsleiaren vurderer trongen for å ta med bilhengar.

I Vadheim trengs vøling av trapper og grusgangar.

**Vedtak:**

Leif Arne Fureli vert beden om å gjere ei sakkyndig vurdering av korleis arbeidet med utbetring av gravplassen i Vadheim kan gjerast. Han vert og beden om å kome med eit førebels kostnadsoverslag.

Saka vert å ta opp att som eiga sak på eit seinare soknerådsmøte.

**Sak 012/16 ALTERNATIV STAD FOR FRILUFTSGUDSTENESTER (Dok: 13/00005-002)**

**Vedtak:** Friluftsgudstenesta i Vadheim vert å halde på Vadheimsstølen.

**Sak 013/16 FORSLAG TIL GUDSTENESTEPLAN 2. HALVÅR 2016 (Dok: 13/00009-005)**

**Vedtak:** Framlegget til gudstenesteplan for 2. halvår vert samrøystes godkjend slik det føreligg.

**Sak 014/16 SKISSE TIL PLAN FOR 150 ÅRS KYRKJEJUBILEUM I 2019 (Dok: 16/00004-001)****Vedtak:**

Kyrkjebø sokneråd har starta prosessen med ein idedugnad omkring jubileet.

Ein vil ta kontakt med Lavik sokneråd for å få dele kunnskapane dei har med å arrangere liknande jubileum.

**Møtet slutt 20.50**

Sturla Bell Fossen  
skrivar